


ÅL KOMMUNE

PLANSTRATEGI 2020 – 2023

Vedteke i Ål kommunestyre den 17. desember 2020



FORORD

Planstrategi

Kommunane har etter Plan- og bygningslova §10-1 plikt til å utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi seinast eitt år etter at det nye kommunestyret er konstituert.

Kommuneplan for Ål, langsiktig del, vart vedteken i 2015, medan arealdel vart vedteken i 2010. Kommunal planstrategi erstattar det obligatoriske kravet som gjaldt tidlegare om å rullere kommuneplanen kvart 4 år.

Føremålet med den kommunale planstrategien er å setta fokus på dei planoppgåver som kommunen bør starte opp eller vidareføre for å leggje til rette for ei positiv utvikling i kommunen. Kommunal planstrategi er ikkje ein plantype, men eit hjelpemiddel for kommunen til å fastleggje og prioritere vidare planarbeid.

Planstrategien har vore ute på høyring og vert endeleg vedteke av kommunestyret.

28.9.2020

1 ARBEIDET MED PLANSTRATEGI FOR ÅL KOMMUNE

1.1 Bakgrunn

Plan- og bygningsloven sine reglar om planstrategi er bakgrunn for Ål kommune sitt arbeid med planstrategi for perioden 2020 - 2023. Arbeidet starta desember 2019.

Dette er tredje gong Ål kommune vedtek ein planstrategi etter at den nye planloven blei endra. Materialet er difor avgrensa til å omfatte det materialet Ål kommune sjølv såg som naudsynt.

Ål kommune ser behov for å rullere m.a. arealdelen av kommuneplanen.

1.2 Bakgrunnsmateriale

Følgjande bakgrunnsmateriale/vedlegg ligg føre for utkast til planstrategi:

- Oversikt over Ål kommune sitt plansystem
- Liste: Oversikt over Ål kommune sine planar 2020 – 2023, inkludert tid for rulling
- Kommunefakta Ål, Statistisk sentralbyrå 2019
- Folkehelseprofil 2019 (vedlegg 1)
- Kommuneplan for Ål, langsigkt del, 2015 – 2027

1.3 Nasjonale forventningar og regional planstrategi

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging vart vedteke 15.3.2019 (vedlegg 2) og vart supplert med fylkesmannens forventningar til kommunal arealplanlegging datert 14.11.2019 (vedlegg 3). Det vert forventa at dei nasjonale forventningane vert følgd opp i det lokale planleggingsarbeidet. Under er dei statlege forventningane sett opp i stikkordsform og det er vist korleis Ål kommune oppfyller dei pr i dag. Vi vil legge desse til grunn ved rulling av planar framover.

- Ny kommunelov (ok)
- Nye kommunenummer (ok)
- Samfunnstryggleik og beredskap (ROS og revidert beredskapsplan)
- FNs barnekonvensjon (barnetalsperson, i oppvekst og barnevern og flyktningeteneste sine sektorplanar)

- Kompetanseløft i barnevernet (starta, men ikke i mål før om mange år)
- Tidleg innsats (ok, oppvekst)
- Desentralisert kompetanseutvikling i skulane (samarbeid i H-dal, oppvekst)
- Folkehelsearbeid (samarbeid i Hallingdal og eige HP)
- Pakkeforløp for born og unge (prosjekt BTI)
- Pakkeforløp på helse- og omsorgsfeltet (helse og omsorg sine sektorplanar, ÅL kommune ønsker funksjonsavhengige ikke diagnoseavhengige slik staten vil)
- Bustadsosialt arbeid (mangler førebels)
- Velferdsteknologi (pågår)
- Jordvern og auka matproduksjon (ok)
- FNs berekraftsmål (mangler førebels, men vil bli innarbeidd ved første rullering av tekstdelen)
- Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (ok)
- Klimatilpassing og naturbaserte løysingar (delvis)
- Snøhandtering (igangsett)
- Strandsone, vassdrag og vasskvalitet (ok)
- Fjellområda - natur, landskap, friluftsliv, villrein (ok)
- Masseforvalting (ok)
- Naturmangfold (ok)
- Digitalisering og effektivisering (pågår)
- Samordning og interesseavvegning (ok, i alle sektorar)

Desse statlege planretningslinjer gjeld:

- Klima- og energiplanlegging og klimatilpasning (2018)
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen

Regionale føringar som gjeld:

- Plan for areal- og transport for Buskerud 2018-2035
- Kulturminnekompasset.
- Regional plan for kulturminnevern i Buskerud 2017-2027

- Regional plan for vannforvaltning i vannregion Vest-Viken 2016-2021
- Regional plan for kunnskapssamfunnet
- Regional plan for verdiskaping og næringsutvikling

Nabokommunar

Det er teke initiativ til og vedteke delataking i felles arbeid for oppfølging av vassdirektivet for 5 av 6 Hallingdalskommunar (som del av arbeidsoppgåve til felles kontor administrativt vertskapssamarbeid). Strategisk plan Hallingdal skal reviderast. Ål er vertskapskommune for Hallinghelse og for felles barnevern for Hallingdal. Vi samarbeider med nabokommune om kommunepsykolog, kommuneoverlege, GIS-konsulent, innkjøpsrådgjevar og skogbrukssjef. Vi deltek i det interkommunale selskapet for avfallshandtering, Hallingdal renovasjon og Hallingdal Brann og redning iks. Andre samarbeid i Hallingdal er desentralisert kompetanseutvikling i oppvekst og Folkehelse i Hallingdal. Ål kommune har elles til no ikkje teke kontakt med nabokommunar om felles planbehov. Denne kontakten vil bli teke i samband med høyring av planstrategien og ved rullering av kommuneplanens arealdel. Det vil vera fleire planoppgåver som er eigna for samarbeid, men det er usikkert kor stor den politiske vilja til slikt samarbeid er.

1.4 Folkehelse

Ny Folkehelselov er gjeldande frå 01.01.2012 (sist endra 1.1.2016). I den er planlegging veklagt som eit sentralt verkemiddel i folkehelsearbeidet med tett kopling til plan- og bygningsloven. Folkehelse skal handsamast politisk i samband med dei alminnelige plan- og avgjerdssprosessane i kommunen, jf. folkehelselovens §§ 6 og 21. Lova seier at oversikt over utfordringane i kommunen innan folkehelse skal inngå som grunnlag for arbeidet med planstrategi, mål og tiltak.

Det er utarbeidd ei oversikt over utfordringane for folkehelsa i Ål kommune, sjå vedlegg 1. Den syner helseutfordringane i Ål kommune. Folkehelsekoordinatoren i Ål har summert opp hovudtrekka i folkehelsa i Ål kommune og gir si tilråding for oppfølging av dei utfordringane som er kome fram i oversikta. Det er også utarbeidd folkehelsestatus og handlingsprogram for folkehelse i Hallingdal. Gjennom undersøkinga Koss har du det? Har vi fått mykje kunnskap om korleis folk opplever sin eigen livskvalitet. Folketalsutviklinga er den mest alvorlege utfordringa framover. Arbeid med bu- og blilyst og rekruttering vil difor vera sers viktig framover.

2 VURDERING AV PLANBEHOVET

Ål kommune ser det som viktig å ha framtidsretta styringsdokument for å kunne utvikle kommunen. Styringsdokumenta må ha visjonar og mål for kommunen sin utvikling og vidare gode strategiar for å nå desse gjennom tiltak. Det er viktig at planar vert utarbeidd etter behov og vert gjort til effektive verktøy. Planar som ikkje har god nok politisk forankring i dagens politiske styre eller planar som er gått ut på dato eller ikkje er framtidsretta må vere prioriterte planoppgåver for Ål kommune.

2.1 Rullering av kommuneplanar

Kommuneplan for Ål, samfunnsdelen, langsiktig del

- Kommuneplan for Ål, samfunnsdelen (langsiktig del) er revidert i 2015 og gjeld for perioden 2015 - 2027.
- Planen fungerer greitt, men manglar overordna arealføringer. Kommunestyret har hatt eit arbeidsmøte for å komamed innspel. I tillegg kan det vera aktuelt å få inn FNs berekraftsmål i samfunnsdelen.

Arealdelen for Ål

- Arealdelen for Ål er frå 2010. Planen fungerer greitt i høve til utbygging i utmark og grender. Det er utarbeidd 13 reguleringsplanar som følgje av planen.
- Det er god dekning på nye hyttetomter i Ål.
- Ål kommune er i gang med rullering av planen, mellom anna er det ønskeleg med
 - Tydelegare arealføringer
 - Vurdering av eksisterande eldre reguleringsplanar. (Skal dei utgå eller må det til nyregulering) ?
 - Områdevurdering Votndalsåsen i høve til grøntstruktur, veg og VA
 - Vurdere nye innspel om utbygging i høve til politiske ønske

Kommunedelplan for Sundreområdet

Planen vart revidert i 2017 og fungerer greitt.

Kommunedelplan for Primhovda

- Planen er for perioden 2005 – 2017.
- Ved rullering av arealdelen for Ål bør Primhovda inngå som ein del av denne.
- Ved rullering bør ein vurdere om planen er realistisk. Dette gjeld særleg nordområdet.

2.2 Rullering av sektorplanar, kommunale reguleringsplanar og andre fagplanar

- Dei fleste sektorar i Ål har ganske nye 4. årige sektorplanar. Desse er godt politisk forankra og er gode styringsverktøy for sine respektive sektorar. Planane skal rullerast kvar kommunestyreperiode.
- Sektor for drift og utvikling har ingen eigen sektorplan. For sektoren er det derimot mange fagplanar.
- Vedlagte planliste syner når dei ulike sektorar og fagplanar er modne for rullering.
- Ikkje alle sektorplanar har tydeleg handlingsplan – det vil bli utarbeidd etter kvart.

PLAN	Sist vedteke	REVISJON	POLITISK	ADMINISTRATIV	RULLERING
KOMMUNEPLANAR		Vurderast kvar k-styreperiode			
Kommuneplanen, langsigktig del 2015-2027	2015		KPU/kommunestyre	Rådmann	Vurder avgrensa revisjon i 2022
Arealdelen av kommuneplanen 2010-2022	2010		KPU/kommunestyre	Utviklingsavdelinga	Pågår
Kommunedelplan for Sundreområdet 2017-2028	2017		STNR/KPU/kommunestyre	Utviklingsavdelinga	Etter 2023
Kommunedelplan for Primhovda	2006		KPU/kommunestyre	Utviklingsavdelinga	Utgår
Kommunedelplan for idrettsanlegg og fysisk aktivitet - MÅL - Handlingsdel		4 årig Handlingsdel årleg	kommunestyre	Kultursjef	2021 (som temaplan)
Kommunedelplan for beite			STNR/KPU/kommunestyre	Utviklingsavdelinga	Pågår
OVERORDNA SEKTORPLANAR 4. årige		Reviderast kvar k-styreperiode			
Kulturplan 2019-2025	2019	4 årig	kommunestyre	Kultursjef	2025
Betre læring i Ål – strategiplan 2016-2019	15.9.2016	4 årig	kommunestyre	Kommunalsjef oppvekst	2020
Strategisk næringsplan 2017-2020	2017	4 årig	Næringsstyre/kommunestyre	Utviklingsavdelinga	Pågår

Plan for rehabiliterings- og omsorgstenester 2015-2026	2015		SHO		
Plan for helse og omsorgstenester 2021-2024	2020	årleg	SHO/kommunestyre	K-sjef helse og omsorg	2024
HANDLINGSPLANAR		Årleg			
Økonomiplan for 2020-2023	2019	Årleg	Fskap/k-styre	Rådmann	Årleg
FAGPLANAR		Ved behov			
<u>Målbruksplan</u>	2019			Kultursjef	Etter 2023
Betre læring i Ål – handlingsplan 2020-2021	2020	Årleg	SUKO	Kommunalsjef oppvekst	Årleg
Lokal <u>handlingsplan mot radikalisering og rasisme</u>	2019	Ved behov		SLT koordinator	Etter 2023
Plan for kommunikasjon	2016		Administrativ	Rådmann	Etter 2023
Hovudplan for avlaup 2006-2011	2006	4 årig	STNR/kommunestyre	VAR-avd	Pågår
Vassbruksplan for Ål 2006-2011	2006	4 årig	STNR/kommunestyre	VAR-avd	Pågår
Hovudplan for veg	13.12.2012	Ved behov	STNR/kommunestyre	Park og veg	Etter 2023
<u>Skiltplan for Ål</u>	2013	Ved behov	STNR (kommunale vegar)	Park og veg	Pågår
Plan for trafikktryggleik 2014-2017 Tiltaksdel 2020	2014 2019	4 årig årleg	STNR/SUKO Kommunestyre	Utviklingsavdelinga	Vurder i 2022
<u>Beredskapsplan for større ulukker og katastrofer</u>	2019	årleg	rådmann	Beredskapskoordinator	årleg
Risiko og sårbarhetsanalyse (17/02379)	2019	årleg	rådmann	Beredskapskoordinator	årleg
Plan for legetenesta 2019-2022	2019	4 årig	SHO	K-sjef helse og omsorg	2023
Kulturminneplan - manglar					Etter 2023
Klima og energiplan for Ål (evt regionalt) Årleg tiltaksplan bør utarbeidast	2011	4 årig	Kommunestyre	Rådmann	2021-2022
Forvaltingsplan – Utvalde kulturlandskap i jordbruket - Leveld	2018		Fylkesmannen/ fylkeskommunen/STNR	Utviklingsavdelinga	Etter 2023
Kommunale reguleringsplanar		Ved behov			
Gangbru over riksveg 7 ved Skuleområdet	Ny			Utviklingsavdelinga	Etter 2023
Ny veg Strandalivegen og industri vest for Ål stasjon	Ny			Utviklingsavdelinga	Etter 2023
Granhagen -Nossvegen sykkelveg	Ny			Utviklingsavdelinga	Etter 2023
Gangveg Feten-Leveld skule fv 244	Ny			Utviklingsavdelinga	Etter 2023
Gangveg rv 7 Kleivi-Breie	Ny			Utviklingsavdelinga	2020

2.3 Rullering av regionale planar

REGIONALE PLANAR					
<u>Felles regionalplan for Nordfjella</u>	2014		Fylkestinga	Nordfjellarådet	
<u>Strategisk plan for Hallingdal</u> <u>Handlingsplan for 2019</u>	2017 2019	årleg	Hallingtinget	Regionrådet	Pågår
Avfallsplan for Hallingdal	2016			Hallingdal renovasjon	2021
Regional plan for vannforvalting i vannregion Vestviken 2016-2021	2016		Fylkestinget	Feles vassområdekoordinator Hallingdal	2022
Tiltaksplan for skogbruket i Hallingdal 2016-2019	2016	4 årig	Interkommunal	Skogbruksjef/ Hallingskog	2021
Tiltaksstrategi for spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) i Hallingdal 2021-2024	2020	4 årig	Interkommunal	Jordbruksforum Hallingdal	2024